



Ingeniør Aarland AS
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7029 - 15/37364

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.12.2015

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon for søknad om utslepp av gråvatn - gbnr 214/94 Fyllingsnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.08.15.

Grunna bemanningstilhøve ved avdelinga har saka dykkar blitt liggjande lenge utan vurdering. Vi seier oss leie for lang handsamingstid.

Til informasjon – line merka som funksjonell strandsone på innsendt kartgrunnlag er byggegrense mot sjø.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område i det som i kommuneplan for Lindås kommune 2011-2023 er sett av til fritidsbustad, om lag heile eigedomen ligg utanfor regulert byggegrense mot sjø. Det er søkt om dispensasjon for riving og oppføring av fritidsbustad på eigedomen med omsyn til funksjonell strandsone vi forstår søknaden til og å omhandle plassering av sanitæranlegg. Vi gjer merksam på at denne dispensasjonssøknaden vert handsama som den ligg føre i samband med søknad om rammeløyve.

Plassering av slamavskiljar og naudsynt leidningsnett samt infiltrasjon er ikkje synt på motteke teikningsgrunnlag, og slik vi forstår søknaden er dette heller ikkje nabovarsla.

Erfaringar kommunen har gjort seg i området tilseier at stadeigne masser i området ikkje er eigna å nytte til infiltrasjon. Det må leggjast fram dokumentasjon frå føretak med fagkunnskap som sikrar prøvetaking og dokumentasjon på stadeginemasser er eigna med omsyn til infiltrasjon.

Vi vil oppmode om at ein undersøker med grunneigarar i området med tanke på påkobling til eksisterande anlegg. Kommunen har kjennskap til fellesanlegg mot nord for eigedom gbnr. 214/94. Dersom det vert aktuelt må ein sikre naudsynte privatrettslege avtaler, og tinglysing av desse.



Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Plassering av sanitæranlegg og utslepp må nabovarslast.
2. Teikningar og situasjonskart som syner plassering (avtand til nabogrense) og storleik på slamavskiljar, samt plassering av leidingar og etterpolering av utslepp.
3. Dokumentasjon frå føretak med fagkunnskap som sikrar prøvetaking og dokumentasjon på stedeegnemasser sin egnethet med omsyn til infiltrasjon
4. Vedlegg kryssa av for under pkt. 6 i søknad om utslipp av sanitært avløpsvann frå hus og hytter kan vi ikkje sjå å ha motteke, vi ber om at dette vert sendt inn.

Vi gjer merksam på at dersom samavskiljar med tilhøyrande anlegg vert plassert nærare eigedomsgrense enn 4 meter så må det leggast fram skriftleg erklæring frå nabo om rett til nærare plassering, evt. søkje om dispensasjon frå pbl. § 29-4. KMD har i uttale datert 06.12.13 (deres saksref. 13/1178-2) uttalt at kommunen kan godkjenne plassering av septiktank inntil 1 meter frå grense etter pbl § 29-4, 3.ledd bokstav b).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.02.16. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Thomas Borsholm

Øvstunvegen 24 B

5223

NESTTUN

Mottakarar:

Ingeniør Aarland AS

Eidsvågbakken 1

5105

EIDSVÅG I ÅSANE